

---

# Ungdata-aktivt ungdomsråd

AV: KOLBJØRN GJÆRE, KORUS-MIDT

## **Ungdomsrådet i Herøy kommune har jobba aktivt med Ungdata og kome med innspel til tiltak.**

Til Herøy kommunestyre si sak om Ungdata-undersøkinga 2017 hadde ungdomsrådet kome med heile fire utsegner, der dei peikar på nokre negative trendar og foreslår tiltak som utvida opningstider i fritidsklubben, betre busstilbod for unge og styrking av skulehelsetenesta.

Det var ungdomsrådet som tok initiativ til at kommunen skulle gjennomføre Ungdata-undersøkinga dette året. Herøy er ein fiskeri-, offshore- og industrikommune på Søre Sunnmøre med om lag 9000 innbyggjarar. Ungdomsrådet deltok også aktivt i dialogseminaret som KoRus i Møre og Romsdal arrangerte i forkant av undersøkinga, og var høyringsinstans då KoRus utforma ekstraspørsmål om trivsel og tryggleik i organiserte fritidsaktivitetar.

Med friske utfordringar til kommunen og lokalmiljøet var ungdomsrådsleiar Helena Adelheid Aasen med og innleia ein temakveld som Herøy kommunestyre hadde vedteke å gjennomføre på bakgrunn av Ungdata-undersøkinga. Temakvelden blei arrangert i februar 2018, med kommunestyret, representantar for kommunale tenester, foreldre, lag og foreiningar til stades. KoRus bidrog

med å presentere funn i undersøkinga. Aasen oppsummerte også, saman med varaordførar Camilla Storøy, det som hadde kome fram i gruppearbeidet - om kva ulike aktørar i lokalsamfunnet kan gjere for å betre oppvekstmiljøet.

Mellom dei mange forslaga til tiltak som kom fram i gruppearbeidet, var ein app som gir oversikt over aktivitetstilbodet i kommunen, «SFO» for ungdom - med arbeidsplassar og enkel matsservering, lengre opningstid ved helsestasjonen, at idrettslaga legg til rette for at alle kan vere med ut, at næringslivet har nærare samarbeid med vidaregåande, at ungdomsskulane har gode vaktordningar for å førebygge mobbing og slåsting, at foreldre legg vinn på å vere gode forbilde, stiller krav og set klare grenser, og at dei unge sjølve har omtanke for å få med dei som ikkje alltid er med. Og i lokalavisreportasjen frå temakvelden kjem Herøy ungdomsråd med denne forsikringa: - Vi skal sørge for at Ungdata-rapporten blir teken på alvor, og at dagens forslag skal munne ut i konkrete tiltak som skal auke trivselen i oppveksten for ungdommen i kommunen!

---

“

Vi skal sørge for at Ungdata-rapporten blir teken på alvor, og at dagens forslag skal munne ut i konkrete tiltak som skal auke trivselen i oppveksten for ungdommen i kommunen.



Medlemer i Herøy ungdomsråd, saman med kommunale medspelalar på Ungdata-temakveld. Framme frå venstre: Torgeir Myklebust Stenersen, Helene Kvalsund, leiar i ungdomsrådet Helena Adelheid Aasen, Ingeborg Rougnø og Maria Isabell Sævik. Bak frå venstre: ungdomsråds- og kommunestyrerepresentant Janne-Katrin Hansen Sævik, seksjonsleiar i kulturavdelinga og sekretær for ungdomsrådet Mona-Grethe Ryssevik, planleggar og Ungdata-koordinator Tanja Rafteseth, og varaordførar Camilla Storøy. Foto: Kolbjørn Gjære